


Politisk dokument om berekraft og miljø



OSLOMET

Vedteke 29.05.2018

Revidert 09.03.2021



Politisk dokument om berekraft og miljø vart utarbeida i perioden våren 2020. Dokumentet vart skriva av arbeidsutvalet med læringsmiljøansvarleg Julie Størholdt Iversen som hovudansvarleg. Politikken fremja i dokumentet er utforma med grunnlag i innspel frå Studentparlamentet på parlamentsmøta. Dokumentet er byggja på faglege undersøkingar, nasjonal studentpolitikk, generelle innspel frå studentar og sakar i studentdemokratiet, i tillegg til fremja resolusjonar og vedteken politikk i Studentparlamentet. Dokumentet vart presentert i si heilheit på Studentparlamentsmøtet 29. mai 2018, og vart der vedteke med dei endringane som framkom under møtet.

Det vart teken opp igjen av AU 2020-21 hausten 2020, revidert av leiar Marie Knutsen Bruntveit og lagt fram på Parlamentsmøtet 09. mars 2021. Der vart det vedteke revidert med endringane som kom fram under møtet

Politisk dokument om berekraft og miljø legg grunnlaget for Studentparlamentets politikk om berekraft og miljø, og dets underliggjande utfordringar. Dokumentet er underlagt prinsippprogrammet til Studentparlamentet.

Berekraftig utvikling og miljø er blant vår tids største utfordringar. Behovet for samfunnsborgarar som kan bidra til nytenking, bruke kunnskap til problemløysing, og bidra til ei kraftig styrking av fellesskapet, og høgare utdanning spelar ei sentral rolle for å oppnå dette (Meld. St. 16 2016-2017).



Innhaldsforteikning

Politisk dokument om berekraft og miljø	0
1. OsloMet	4
1.1 Lokalt	4
1.1.1 Strategier og dokumenter	4
1.1.2 Bygg, fysisk miljø og campusutvikling	4
1.1.3 Kjeldesortering og avfallshandtering.....	5
1.1.4 Digitalisering.....	5
1.1.5 Innkjøp og leverandørar	6
1.1.6 Transport og sykklar	6
1.1.7 Utdanning	6
1.1.8 Forsking	7
1.1.9 Samarbeid med arbeidslivet.....	7
1.1.10 Investeringar.....	7
1.1.11 Arrangement	7
1.2 Regionalt.....	8
1.2.1 OsloMet og Studentsamskipnaden	8
1.2.2 Kollektivtransport og sykler.....	8
1.3 Nasjonalt.....	8
1.3.1 Nasjonale samarbeid	9
1.4 Internasjonalt	9
1.4.1 Berekraftsmåla	9
1.4.2 Internasjonale samarbeid.....	10
2. Studentar	11
2.1 Lokalt	11
2.1.1. Organisasjon	11
2.1.2 Representasjon og samarbeid med universitetet	11
2.1.3 Informasjon til studenter.....	11
2.2 Regionalt.....	11
2.2.1 Studentboligar	11
2.2.2 Mat og drikke.....	12
2.2.3 Foreiningar	12
2.2.4 Digitalisering.....	12
2.2.5 Kollektivtransport.....	12



2.3	Nasjonalt.....	12
2.3.1	Samarbeid.....	13
3.	Kjelder.....	14



1. OsloMet

1.1 Lokalt

Klima er ein viktig del av berekraft, og lik reitt og tilgong til sosiale godar minst viktige tiltak for å oppnå eit meir berekraftig samfunn. Studentparlamentet meiner difor det er naturleg å fremja mangfald og sosial-, politisk- og økonomisk likestilling som verkemiddel for å bli eit meir klimavenleg universitet, og å nå ei meir berekraftig verd.

Studentparlamentet meiner OsloMet har eit samfunnsansvar for å bidra til å levera gode løysingar på samtidas og framtidas problematikk. Dette gjeld òg for berekraft og miljø, og SP-OsloMet meiner det er vesentleg at desse perspektiva veger tungt i alle prosessar ved institusjonen. OsloMet skal være ein føregongsinstitusjon på berekraftige og klimavenlege løysingar og prosjekt.

1.1.1 Strategier og dokumenter

Som universitet utarbeidar OsloMet årleg mange dokument som seier noko om universitetets ambisjonar, mål og hovudtrekk. Fyrst og fremst er det viktig at universitetet forpliktar seg til både å bidra til å nå berekraftsmåla, men òg til å være eit føregangsuniversitet på berekraftege løysingar og miljø. I alle dokument som utarbeidast av universitetet, uansett nivå desse utarbeidast på, skal det takast hensyn til berekraft og miljø. På bakgrunn av dette bør det eksistera retningslinjer for korleis ein forhold seg til berekrafts- og miljøperspektiv når ein skal utarbeida nye dokument.

Studentparlamentet meiner at osloMet utarbeide ein eigen strategi som kartlegg institusjonens miljøforhold, og inneheld tiltak for miljø og berekraftig utvikling. Det bør òg utarbeidast ein handlingsplan for miljø på bakgrunn av strategiens indikatorar på OsloMet, og kva mål ein set seg. Strategien og handlingsplanen bør følgast opp og evaluerast jamnleg, og framgangen bør dokumenterast. Det er difor viktig at universitetets eigen berekraftskomiteé leverer og publiserer ein årleg rapport på tilstandane rundt berekraft og miljø, og korleis implementeringa og gjennomføringa av tiltaka ligg an

1.1.2 Bygg, fysisk miljø og campusutvikling

Grøne bygg har vist seg å være økonomisk sparande gjennom langtidsdrift og redusert energi- og vassbruk. Det bør være eit mål for universitetet å ha grønne løysingar i sine bygg, for å redusera sitt klimafotavtrykk. Dette bør blant anna innebera energisparande tiltak i alle bygg så langt det let seg gjera, og eit grønt perspektiv bør spesielt spela ei rolla i oppussing av bygg. Det er ønskjeleg at bygga produserer meir energi enn dei bruker. Det bør òg vurderast om det er høve for å innføra solceller som energiproduksjon i universitetets eksisterande bygg.

Studentparlamentet meiner at OsloMet skal bli ein nullutsleppsinstusjon. OsloMet har i sin strategi 2024 komme med hovudmål om å vidareutvikle bygningsmassa i samarbeid med



sine utleigarar i ein miljøvenleg retning, og å prioritera infrastrukturløysingar som reduserer det økologiske fotavtrykket. Det er viktig at desse punkta følgast nøye opp.

Desse prinsippa vil òg vera viktige å ha i tankane under konstruksjonen av nye campus Romerike. Studentparlamentet ønskjer at det eventuelle Campus Romerike skal vera eit nullcampus med klimatiltak som kan samarbeidast om mellom studentar og tilsette. Ser føre oss ein grønsakhage, solceller på taket, kompostering og tilstrekkeleg kjeldesorteringshøve i alle etg. Parlamentet oppfordrar òg universitetet til å vurdere fleire klimatiltak som kan fungere som bindeledd mellom studentar i ei polarisert tid. Trivsla og tilfredsle blant studentar er låg, og innovative berekraftsløysingar er eit mogelegheit universitet har for å hjelpe med å få desse opp.

Universell utforming er eit viktig prinsipp for å sikra lik rett til utdanning. Det er viktig at OsloMet arbeidar for å sikra at alle bygg me leiger er universelt utforma, og at alle nybygg følger forskrifter og lovverk som krevjar universell utforming. OsloMet skal vera ein inkluderande institusjon. På sikt vil òg universell utforming vera økonomisk- og energisparande.

Studentparlamentet ønskjer òg at OsloMet nyttar ute- og inneareala sine for å laga synleg grøne områder der studentane og dei tilsette kan opphalda seg.

1.1.3 Kjeldesortering og avfallshandtering

OsloMet skal arbeida for å oppnå ein total utsoteringsgrad på minst 80% av alt avfall. For å oppnå dette målet, må det leggast godt til rette for kjeldesortering i alle universitetets bygg. Dagens utsorteringshøve er utilstrekkelege, og må utvidast kraftig. Ifm. Ein rapport 2018 er det det maks ein kjeldesorteringstasjon med matavfall i kvart bygg, der grunngevinga for dette er at det må eksistere eit storkjøkken i bygget for at det skal vera eit berettiga behov for matavfall. Ikkje minst må dette tiltaket synleggjerast, og informasjonen skal komma tydeleg fram til både studentar og tilsette. Studentparlamentet meiner det òg skal tilretteleggast for gode pantehøve minimum annakvar etasje på campus og alle universitetets studiestader.

1.1.4 Digitalisering

I arbeidet med digitalisering og stadig større fokus på ein digital kvardag, skal OsloMet ettersteva å bli papirlause. Innleveringar og eksamenar skal vera digitale så langt det let seg gjera, og sensor eller fagleg personell skal ikkje kunne krevja at studenten òg leverer i papirform. Det bør òg bera eit fokus på å redusera utskriftsmengd blant tilsette. _

I eit utdanningsperspektiv speler førelesingar ei nøkkelrolle. Direktesending og opptak av førelesingar kan bidra til å redusera studentanes reisebehov. Videokonferansar bør alltid prioriterast over reiser med eksempelvis fly. Om ein konferanse tilbyr direktesending, bør behovet for deltaking alltid vurderast utifrå eit miljøperspektiv.



For å sikra at teknologien for å delta meiningsfullt i ein undervisningssituasjon er til stades, ynskjer Studentparlamentet at OsloMet samarbeidar med andre institusjonar for å utvikle teknologi og strategiar for å betra den digitale kompetansen på tvers av sektoren.

Universell utforming er òg eit krav når det gjeld IKT. Studentparlamentet krevjar at alle OsloMet sine nettstader og læringsplattformar er universelt utforma innan 1. januar 2021 slik loven tilseier. Informasjonen som ligg på desse plattformane skal òg ha same grad av tilgjenge som nettsida sjølv.

1.1.5 Innkjøp og leverandørar

Universitetet må vektlegga miljøsertifiserte leverandørar og tenestar. Ved innkjøp og utarbeiding av nye innkjøpsavtalar bør miljø og berekraft vektleggast tungt. Studentparlamentet meiner òg at alle innkjøp, så langt det let seg gjera, skal være etiske og grønne. I den anledning ynskjer studentparlamentet at det skal utarbeidast etiske retningslinjer for innkjøp.

1.1.6 Transport og sykklar

Studentparlamentet meiner at OsloMet skal skifte ut diesel-/bensinbilane sine og erstatta dei med meir miljøvennlege alternativ , som el- eller hybridbilar. Det skal òg leggst til rette for bruk av meir miljøvennlege framkomstmiddel på campus og studiestadar, og det må i større grad etablerast ladestasjonar for el-bil. Dei eksisterande ladestasjonane ved campus Kjeller bør opnast opp igjen fram til utflyttinga i 2024. OsloMet skal òg samarbeide med transportselskap som har eit miljøfokus.

Det er viktig at alle studentar og tilsette på OsloMet at det finst gode kollektivløysingar til alle universitetets studiestader. Studentparlamentet ønskjer at OsloMet skal samarbeide med Ruter og andre liknande selskap for å sikre at studentar og tilsette har ei enkel rute mellom sentrum, studiestad og SiO-bustadar.

Det bør gis god informasjon frå universitetet til både tilsette og studentar om korleis ein enkelt kan komma seg til og frå campus og studiestader med kollektiv transport. Studentparlamentet meiner det skal være tilstrekkeleg tilgong på bysyklar ved alle OsloMets campus og studiestader. I tillegg skal det leggst til rette på campus og studiestader for tilstrekkeleg og sikker sykkelparkering. Fordi sykkel er eit miljøvennleg og ikkje minst rimeleg transportmiddel, må dette tilbodet marknadsførast til både studentar og tilsette.

1.1.7 Utdanning

Studentparlamentet meiner at OsloMet skal utdanne kandidatar som er rusta til å bidra konstruktivt i løysinga av aktuelle problem i samfunnet, blant anna innanfor berekraft og miljø. OsloMet skal etterstrebe undervisning som knytar inn berekrafts- og samfunnsspørsmål der det er hensiktsmessig og aktuelt. Det bør òg være fokus på berekraft og miljø i tverrfaglege samarbeid. Utdanning innafor innovasjon og entrepenørskap bør ta spesielt ansvar for og hensyn til berekraft og miljø. Det skal ikkje førekomme innovasjon som motverkar berekraftig utvikling, eller bidreg til å auke klimautslepp.



OsloMet har no eit gyllent høve til å vurdere kor bra overgang frå analoge til digitale eksamenar fungerte, og til å sette i gong tiltak for å

I dagens polariserte samfunn, er det viktigare enn nokon gong å utdanne kandidatar som er samfunnskyndige og informerte. Studentparlamentet ynskjer difor at OsloMet skal tilby emne i samfunnsvitskap med fokus på sosial og økonomisk berekraft og miljø på alle utdanningar.

Material som brukast i undervisning og prosjekt i utdanningane skal vera miljøvenlege, berekraftige og etisk innhenta så langt dette let seg gjera.

1.1.8 Forsking

Studentparlamentet meiner OsloMet har førussettingar for å vera leiande på forskning innanfor miljø og berekraft. OsloMet skal difor satsa på forskning på fornybare ressursar og berekraft. Studentparlamentet meiner òg at all forskning bør ha eit fokus på miljø og berekraft. Tverrfaglegheit vil bidra i stor grad til å kunne skapa eit meir heilheitleg bilete av kva som er framtidens utfordringar. Difor bør det satsast på tverrfagleg forskning som ser heilheita.

1.1.9 Samarbeid med arbeidslivet

Studentparlamentet meiner OsloMet skal prioritere samarbeidspartnarar som arbeider aktivt med miljø og berekraft. Studentparlamentet meiner òg at OsloMet har eit ansvar for å bevisstgjere sine samarbeidspartnarar rundt miljø og berekraftsspørsmål. OsloMet skal òg ha eit ansvar for å tydeleggjere sine eigne mål overfor aktuelle samarbeidspartnarar. Miljø og berekraft skal vega tungt i beslutningar om nye samarbeid. Det bør ikkje inngåast i samarbeid som motarbeider berekraft eller sørger for større utslepp.

Studentparlamentet ønskjer òg at OsloMet skal ha eit sett med etiske kriterie for samarbeidspartnarane sine, og ikkje inngår samarbeid med bedrifter som ikkje følger OsloMet sitt verdisett.

1.1.10 Investeringar

Studentparlamentet meiner at OsloMet ikkje skal gjera investeringar som belastar miljøet. Investeringar som gjerast av OsloMet bør stimulere til grøn vekst og møte dei same etiske kriterie som samarbeidsavtalane. Studentparlamentet meiner at OsloMet ikkje skal investera i fond som ikkje er fossilfrie.

1.1.11 Arrangement

Studentparlamentet meiner at alle arrangement i regi av OsloMet skal ta hensyn til miljø og mangfald. Dette inneber at det på alle arrangement skal sørgast for at det ikkje forsøplast, forureinast, bidras til miljøskade eller ekskludering på nokon måte. Blant anna bør meng av plast, ballongar og anna som ofte forsøplar eller har lang nedbrotstid reduserast.

Studentparlamentet ønskjer òg at gratis ting som delast ut under studiestart og elles, skal vera så miljøvenlege som mogeleg, slik at det ikkje forsøplar eller gjer ska på miljøet.



1.2 Regionalt

OsloMet har skal ha campus og studiestader i både ein storby og i regionen rundt. OsloMet er ein viktig aktør, som bidreg til vekst og kunnskap i området områda me er tilstades i. OsloMet må sjå sitt ansvar som ein større institusjon i Oslo og Romerike-området. I tillegg er det viktig at OsloMet tek eit ansvar i andre område enn Oslo og Romerike, der universitetet er til stades.

1.2.1 OsloMet og Studentsamskipnaden

Studentparlamentet meiner at OsloMet må samarbeide godt med Studentsamskipnaden i alle spørsmål som angår studentane ved institusjonen. Det bør vera god kommunikasjon om velferdsytningar som òg har innverking på miljø og berekraft. Gjennom fristasjonsavtalar har SiO lokale til disposisjon, som blant anna brukast som kantiner på campus. Det er viktig at det er eit tett samarbeid og god kommunikasjon om korleis dei tilsette i kantine skal sortere riktig, for å nå måla om ei sorteringsgrad på minst 80%. Det skal føregå samtalar om korleis ein skal redusera matsvinn. Det er òg viktig at OsloMet held seg oppdatert på nye produkt som utviklast, blant anna resirkulerbar emballasje, og promoterer miljøvenlege alternativ. Det bør òg vera god kommunikasjonsflyt om kjeldesortering, slik at studentane opplev dei same systema heime, på campus og hjå SiO sine tenestar. OsloMet bør òg tydeleg kommunisera sine mål overfor SiO, slik at samskipnaden er klar over arbeidet og tiltaka som innførast på univestitetet.

OsloMet bør òg bidra til- og støtte opp under det grønne skiftet ved SiO sine spisestadar, ved å oppfordre til grønare måltid med mindre kjøtt, utskifting av eingongsservise.

1.2.2 Kollektivtransport og sykler

Studentparlamentet meiner at alle campus og studiestader tilknyta Oslo skal tilhøyre sone éin, slik at det blir rimelegare for studentar å velje eit meir miljøvenleg alternativ transportalternativ. Det bør arbeidast for at avgongar med tog, buss, trikk og t-bane er hyppigare i periodar med stort press, som morgonen og ettermiddag. Det må òg vera hyppigare avgangar slik at det er mogeleg å reise til og frå campus og studiestader ved andre tidspunkt, utanom pressperiodane. Dette har spesielt vist seg å vera ein utfordring for studentar med tilhøyrlighet på campus Kjeller. Studentparlamentet ønskjer difor at OsloMet tek kollektivtilboda til etterretning i utgreiinga av nye campus Romerike. OsloMet må samarbeide med kommunane og regionen, samt transportselskapa, for å sørge for så gode kollektive løysingar som mogeleg for studentane ved institusjonen.

Studentparlamentet meiner at det skal vera tilstrekkeleg tilgang på bysyklar ved alle OsloMets campus og studiestader. OsloMet bør òg arbeide for å få godt sykkelvegnett rundt campus og studiestader, for å oppfordre til bruk av sykkel.

1.3 Nasjonalt



OsloMet skal etterstreba å vera blant dei fremste universiteta i Noreg på miljø og berekraft og mangfald. Det er òg eit nasjonalt ansvar å arbeida for å nå berekraftsmåla. OsloMet bør difor i sitt samarbeid med andre institusjonar og arbeidsliv, sikra at miljø og berekraft er tema som blir sikra i eventuelle avtalar. OsloMet skal ikkje inngå avtalar med andre institusjonar, bedrifter. osv. som arbeider for å auke petroleumsutvinning, eller på annan måte arbeider med prosjekt som fører til auka utslepp. OsloMet spelar med sine utdanningar ei viktig rolle i velferdssamfunnet, og har eit særleg ansvar for å utvikle teknologi og kunnskap som òg bidreg til å skape bevisstheit rundt miljø og berekraft.

1.3.1 Nasjonale samarbeid

Studentparlamentet meiner at OsloMet skal initiere til, og delta i, nettverk som er aktuelle i forbinding med berekraft og miljø.

1.4 Internasjonalt

Berekraft er heilt klårt ein sak som går på tvers av landegrensar, fattigdom, diskriminering, hat og klimaproblematikk er å kjenne igjen i alle verdas land. Studentparlamentet meiner at OsloMet må sjå på seg sjølv som ein internasjonal aktør, og bør etterstreve å etablere seg sjølv som ein internasjonal aktør for betring av klima og likestilling.

1.4.1 Berekraftsmåla

Studentparlamentet meiner OsloMet må forplikte seg til å bidra til å nå den 17 berekraftsmåla som lagt fram av FN.

Ved å forplikte seg til berekraftsmåla tek OsloMet ei viktig rolle som aktør i ein storbyregion. Ikkje minst tek OsloMet ei viktig rolle overfor kandidatane som utdannast frå universitetet, slik at dei har gode kunnskapar om korleis deira utdanningar kan brukast til å oppnå nå berekraftsmåla. Universitetet utdannar kandidatar til eit velferdssamfunn som endrar seg. Mange av måla går direkte på underliggende områder i desse utdanningane. Det er viktig at universitetet tek ansvar for å inkorporere berekraftsmåla i sine utdanningar, derunder å bevisstgjere sine kandidatar og individ om korleis deira yrke og val påverkar berekraftig utvikling. Samstundes forpliktar òg OsloMet seg til å vera ein forgjengar på sjølv å utvikla seg innanfor eit berekraftig perspektiv, og å sette ein standar på berekraftig drift, samarbeid og konkret arbeid med berekraftsmåla.

Derunder ligg blant anna fremme fredelege og inkluderande samfunn, bygge robust infrastruktur, tilgang på utdanning og livslang læring, studentvelferdstenestar som helsetenestar, og likestilling for å nemne nokon. Å forplikte seg til berekraftsmåla gjev OsloMet ei stor og krevjande rolle, men òg mange høve til å visa seg fram som ein unik institusjon av høg kvalitet på internasjonalt nivå som tek internasjonal problematikk på alvor. Det vil òg vise at OsloMet tek ansvar i eit internasjonalt perspektiv.



1.4.2 Internasjonale samarbeid

Det er eit globalt ansvar å nå berekraftsmåla, og internasjonale samarbeid er difor ei førutsetting for å nå måla og skape ei meir berekraftig verd. Som universitet skal OsloMet bidra til å spreie kunnskap og dele erfaringar, samt identifisere utfordringar og finne løysingar, på tvers av landegrensar. OsloMet må difor fortsette si satsing på internasjonalisering og internasjonale samarbeid, og sjå berekraftsmåla inn i dette arbeidet. Studentparlamentet meiner auka samarbeid med låg- og mellominntektsland er særleg viktig i arbeidet med berekraft og miljø. Investering i berekraftig industri i utviklingsland er essensielt for å bidra til utjamninga av ulikskap på verdsbasis.

Studentparlamentet ser særleg auka mobilitet blant studentar og tilsette, og internasjonale samarbeid i forskning- og utviklingsarbeid som viktige tiltak i OsloMet arbeid med berekraft og miljø. Inn- og utveksling vil bidra til å spreie kunnskap og erfaringar mellom ulike land, samt skape dialog rundt berekraftige løysingar i verdssamfunnet. Internasjonalt samarbeid i forskings- og utviklingsarbeid vil vera viktig for å identifisera globale utfordringar og sjå løysingar frå ulike perspektiv.



2. Studentar

2.1 Lokalt

Studentparlamentet er studentane sitt høgaste demokratiske organ på universitetet. Studentparlamentet skal difor arbeida aktivt for å få gjennomslag for sin politikk om berekraft og miljø. Studentparlamentet skal òg vera eit tydeleg og godt eksempel på gjennomføring av eigen miljø- og berekraftspolitikk.

2.1.1. Organisasjon

Studentparlamentet skal ta tydelege hensyn til miljø og berekraft i alle vurderingar og prosessar. Studentparlamentet skal, i utarbeidinga og revideringa av all politikk, stille spørsmål til berekraftskonsekvensane politikken kan ha.

2.1.2 Representasjon og samarbeid med universitetet

Studentparlamentet skal arbeide for å fremje sin politikk om berekraft og miljø i utval, råd og komitéar der dette er aktuelt. Studentstemma skal vera representert i aktuelle utval som arbeidar med miljø og berekraft på universitetet, slik at studentperspektivet alltid er ivareteke.

2.1.3 Informasjon til studenter

Studentparlamentet skal òg samarbeide med å gjera studentane bevisste på miljø og berekraft i sin studiekvardag, blant anna gjennom kampanjar og arrangement, informasjon i ved studiestart, og liknande. Studentparlamentet skal òg arbeida for at OsloMet sørger for å spreie viktig informasjon om korleis studentane kan vera bevisste på miljø og berekraft i sin kvardag.

2.2 Regionalt

Studentparlamentet skal arbeide for å få gjennomslag for sin miljøpolitikk hjå Velferdstinget i Oslo og Akershus (VT). VT er ein interesseorganisasjon, og øvste organ i velferdsspørsmål i Osloregionen. VT Arbeider opp imot Studentsamskipnaden i Oslo og Akershus (SiO) for å få gjennomslag for velferdspolitikk. Studentparlamentet ønskjer at Velferdstinget skal legge press på SiO for å bli eit stadig meir berekraftig og miljøvenleg konsern.

2.2.1 Studentboligar

Studentparlamentet meiner at studentboligar skal byggast i miljøvenlege og berekraftige material og forhold. SiO har ansvar for å halda seg oppdaterte på nye, miljøvenlege løysingar innarnfo byggindustrien.

Studentboligar bør vera energibesparande, og ha eit mål om å vera nullutsleppsbygg. I tillegg skal det vera tydeleg informasjon om resirkulering i SiO sine studentboligar. Denne informasjonen bør samsvara med korleis kjeldesorteing føregår i SiOs andre tenestar, og SiO bør òg ha dialog med universiteta og høgskulane, slik at studentane kjenner igjen informasjonen dei får.



Studentparlamentet ønsker òg at SiO tenker nytt når det kjem til grønne energi- og miljøløysingar i sine studenthyblar, slik som birøkting, solceller, grønne uteområde osv.

2.2.2 Mat og drikke

Studentparlamentet meiner at SiO har eit særleg ansvar for å sørge for at studentane for tilbod om berekraftige og miljøvenlege produkt. Studentparlamentet meiner òg at SiO skal halde fram med arbeidet om å kutte mengda av overskotsmat, og eventuelt finne gode løysingar på korleis overskotet frå kantinen kan handterast. Mengda av plastemballasje bør reduserast i alle SiO sine kantiner, og det bør etterstevas å finne meir miljøvenlege løysingar til innpakking av mat som framleis opprettheld dei sanitære standardane som krevjast av mattilsynet.

2.2.3 Foreiningar

Studentparlamentet meiner at SiO skal arbeide merd at foreiningane tilknyta SiO får, og har tilgong på, informasjon om korleis drifta av foreininga kan vera berekraftig og miljøvenleg. Det bør òg tydeleg informerast om korleis arrangement i regi av foreiningane kan vera så grønne som mogeleg, og korleis ein unngår forsøpling, forureining og ska på miljøet.

2.2.4 Digitalisering

Studentparlamentet meiner at SiO skal vera nytenkande og innovative på korleis dei kan treffe studentar. Dette inneber blant anna gode, digitale løysingar der det i dag brukast papirutskrifter. Videokonferansar- eller -konsultasjonar vil kunne redusera reisebehovet, me har erfart gjennom pandemien i 2020, og bør haldast fram med som eit alternativ til fysisk oppmøte. Studentparlamentet meiner at SiO har gode forutsetningar for å vera landets fremste samskipnad på digitale løysingar.

2.2.5 Kollektivtransport

Studentparlamentet meiner at VT skal samarbeide med kommunen for å få alle OsloMets campus og studiestader til å tilhøyra sone éin. I tillegg ønsker Studentparlamentet at VT skal ha fokus på å gjera kollektivtilbodet så rimeleg som mogeleg for studentane, og arbeide for gode rabattordningar for studentar.

Studentparlamentet meiner at studentrabatten ved Ruter skal vera minimum 50 prosent ved månadskort. Vidare meiner Studentparlamentet at aldersgrensa for studentrabatt bør fjernast, slik at rabattordninga gjeld for alle studentar som tener under inntektsgrensa for studiestønad.

2.3 Nasjonalt

Studentparlamentet ved OsloMet skal bruke si rolle i student-Noreg til å berekraft, miljø og sosial ulikskap på dagsorden i aktuelle fora. Berekraft og miljø skal òg vera perspektiv som skal vega tungt i eventuelle samarbeid med andre studentdemokrati, eller nasjonale organisasjonar som eksempelvis Norsk Studentorganisasjon (NSO) eller Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpfond (SAIH).



2.3.1 Samarbeid

Studentparlamentet ved OsloMet skal initiere til, og delta i, nettverk som er aktuelle i forbindelse med berekraft, miljø og sosial ulikskap.



3. Kjelder

<https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/mat/fns-barekraftmal/fns-barekraftsmal/id2538121/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-06-16-51/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-04-01-15>

<https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1992-05-09-1>

<https://tilsatt.hioa.no/gront-oslomet>

<https://tilsatt.hioa.no/strategisk-campusutvikling>

http://www.spuib.no/sites/default/files/SP%2007_16-17%20-%20Resolusjon%20-%20Divest%20from%20fossil%20fuels.pdf

<http://www.studentparlamentet.uio.no/V%C3%A5r%20politikk/resolusjoner/2016-2017/uio-har-et-ansvar-for-a-na-berekraftsmalene.html>

<http://www.studentparlamentet.uio.no/V%C3%A5r%20politikk/resolusjoner/2015-2016/kutt-i-flyreiser.html>

<http://www.studentparlamentet.uio.no/V%C3%A5r%20politikk/Vi%20mener/Grunndokumenter%202017-2018/studentpolitisk-plattform-2017-2018.html>

<http://www.stastudent.no/wp-content/uploads/2012/03/Politisk-maldokument-2017-2018.pdf>

<https://www.student.no/dokumenter/prinsippprogram/>

<https://www.sio.no/snarveier/om-sio/miljo>

https://sporveien.com/inter/omktp/artikkel?p_document_id=2437889

<https://www.who.int/airpollution/news-and-events/how-air-pollution-is-destroying-our-health>

<https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1993-12-21-1381>

<https://ruter.no/kiop-billett/billetter-og-priser/30-dagersbillett/>

Høgskolen i Oslo og Akershus, Strategi 2024, 2017

Meld. St. 16 2016-2017: Kultur for kvalitet i høyere utdanning

Greening Universities Toolkit V2.0, UNEP (United Nations Environment Programme), 2014



SDSN Australia/Pacific (2017): Getting started with the SDGs in universities: A guide for universities, higher education institutions, and the academic sector. Australia, New Zealand and Pacific Edition. Sustainable Development Solutions Network – Australia/Pacific, Melbourne.